# Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Kva for fellestrekk kan vi finne mellom diktanalyse og novelleanalyse?**

## Svar

I både diktanalyse og novelleanalyse må ein ta for seg kontekst, motiv og tema, oppbygging og verkemiddel. I novelleanalyse må ein i tillegg ta for seg forteljar og synsvinkel og person- og miljøskildring.

©Fagbokforlaget


intertekst

# Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Kva bør vere med i ei innleiing i ei tolking eller ein analyse?**

## Svar

I innleiinga må ein presentere teksten og konteksten og gi ei førebels tolking av teksten.

©Fagbokforlaget

intertekst

# Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Korleis kan du bygge opp ei samanlikning?**

## Svar

Ta for deg dei same punkta som når du tolkar dikt individuelt (motiv og tema, oppbygging, verkemiddelbruk m.m.). Under kvart punkt samanliknar du så dei to dikta. Til slutt oppsummerer du samanlikninga.

©Fagbokforlaget



intertekst

# Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Kva har konteksten å seie når du skal samanlikne to tekstar?**

## Svar

Sjølv om tematikken er lik, vil ein sjå tydelege forskjellar i forma, eller ein ser korleis ideane som var typiske for perioden, trer tydelegare fram i kontrast til litteratur frå ein annan periode.

©Fagbokforlaget

side 2 av 5

intertekst

# Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Kva bør vere med i ei avslutning av ei tolking eller ein analyse?**

## Svar

I avslutninga oppsummerer du analysen med nye ord. Her kan du i tillegg vurdere om teksten er relevant i dag.

©Fagbokforlaget



intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Forklar kva ei spenningskurve er.**

## Svar

Ho viser korleis spenninga i teksten utviklar seg. I ei novelle finn ein som regel eit anslag, eit vendepunkt og eit høgdepunkt, før handlinga fell til ro mot slutten.

©Fagbokforlaget

side 3 av 5

intertekst

# Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Kva er vendepunktet i ei novelle?**

## Svar

Vendepunktet er den staden i novella der handlinga tar ei uventa retning.

©Fagbokforlaget



interteskt

Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Kva er forskjellen på motiv og tema?**

## Svar

**Motiv:** Dersom du ser handlinga i teksten for deg, så er motivet det du kan teikne eller ta bilde av.

**Tema:** Det teksten eigentleg handlar om, noko som går djupare enn motivet. Ofte meir abstrakt enn det konkrete motivet.

©Fagbokforlaget

intertekst

# Dialogkort vg2

Kapittel 4 Litterær analyse

## Spørsmål

**Nemn tre verkemiddel du bør sjå etter i dikt.**

## Svar

- positivt og negativt ladde ord
- kontrastar
- gjentakingar
- metaforar
- samanlikningar
- språklege særtrekk

©Fagbokforlaget


intertekst

©Fagbokforlaget
side 5 av 5

intertekst